



**Generell informasjon til søknad om avkjørsle/ dispensasjon frå byggegrensa**  
(FOR RASK HANDSAMING BER VI OM KORREKTE OG UTFYLLANDE OPPLYSNINGAR)

Saman med søknadskjema skal det sendast:

- ⇒ Kart i målestokk M 1:1000
- ⇒ M 1:2000 og skisse
- ⇒ M 1:5000 og skisse

På kartet skal det teiknast inn:

- ⇒ plassering av avkjørsle (tilkomstveg, snu- og oppstillingsplass)
- ⇒ plassering av byggverk (bustad, garasje, tilbygg m.v.)

Ved søknad om dispensasjon frå byggegrense skal det teiknast inn avstand frå midtlinje i off. veg til næraste kant av omsøkte byggverk. Legg ved og målsett plan og fasadeteikning.

**UFULLSTENDIG SØKNAD VERT RETURNERT !**

Bygningane sin avstand frå offentleg veg

På grunn av eit evt. behov for framtidig vegutviding, samt ulemper som støv, støy o.l. frå trafikken, må byggverk ikkje førast opp for nær ein offentleg veg. Difor må ingen bygningar, oppslagsplass eller annan innretning (også laus kiosk) førast opp innanfor ei byggegrense som går 15 meter frå offentleg veg, evt. gang- og sykkelveg, utan særskilt løyve frå vegstyresmakta.

Avstanden skal målast frå midtlinje av offentleg veg til næraste kant av omsøkte byggverk.

Denne fråsegna gjeld og for tilbygg til tidlegare oppførte bygningar, samt for gjenoppbygging av nedrivne eller nedbrende byggverk som ligg innanfor byggegrensa.

Kva vektleggjast ved handsaming av søknaden:

Teknisk etat må vurdere alle søknader i ein større samanheng, m.a. av omsynet til trafikkavvikling/-tryggleik. Søknaden blir sett på i samanheng med kravet om betre og sikrere vegar.

Dersom stadig nye avkjørsle blir etablerte, vil vegen langsamt men sikkert «gro igjen». Den aukande lokaltrafikken som følgjer med avkjørslene, vil gradvis forandre hovudvegen til lokal bustadsveg.

Det er nær samanheng mellom talet på trafikkulykker og talet på avkjørsler langs en veg, og det er særleg dei som bur langs vegen som blir ramma.

For å unngå ei slik utvikling, ser ein det som naudsynt å vere generelt tilbakehaldne med å godkjenne søknader om ny busetnad med direkte adkomst til offentleg veg. Søknadene blir likevel vurderte forskjellig, avhengig av sin funksjon, trafikkmengde, fartsnivå m.v..

Ved søknad om dispensasjon frå byggegrensa, må sakshandsamar vurdere om det omsøkte byggverket vil sjenere trafikken på vegen, redusere trafikktryggleiken eller vanskeleggjere vegvedlikehaldet. Behov for areal ved evt. framtidig vegutviding vil og bli vurdert.